

**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Kviteseid Sokneråd**

**Referat etter møte i Kviteeid Sokneråd**  
**onsdag 26. april 2017 kl. 18.00.**  
På kommunehuset i sal 'Fjågesund og Brunkeberg'

**Innkalla:**

Leiar: Hans Kristian Aabø, Nestleiar Håkon Birkeland, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Kvalbein, Hanne Roholdt, Vidar Syrtveit Mikalsen, Gunn Karin Eikåsen. Sokneprest Rune Lia. (fungerande)

Kommunens representant: Tore Åsland

1.vara Reidun Øverbø Fisketjønn.

Kyrkjeverje Kristen Salmelid.

**Til stades:**

Leiar: Hans Kristian Aabø, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hanne Roholdt, Vidar Syrtveit Mikalsen, Gunn Karin Eikåsen, Prost Asgeir Sæle, og 1.vara Reidun Øverbø Fisketjønn.

4. vara Sveinung Råmunddal var til stades på dei siste to sakene.

Kyrkjeverje Kristen Salmelid.

**Opning** ved prost Asgeir Sæle.

Servering ved Hans Kristian Aabø.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreasen og prost Asgeir Sæle.)

Sak 26/17	Innkalling og saksliste	HKA
	<p><b>Forslag til vedtak:</b> Innkallinga er godkjend og sakslista vart godkjent med ein regnskapsrapport 1.kv.2017 som sak.35/17.</p> <p><b>Vedtak:</b> Forslag til vedtak samråystes vedteke.</p>	
Sak 27/17	Godkjenning av referat fra soknerådsmøte 11.01. og 08.02.2017	HKA
	<p><b>Forslag til vedtak:</b> Referat fra soknerådsmøta</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• 11.01.2017 sendt ut på mail 19.01.2017, og</li><li>• 08.02.2017 sendt ut på mail 9. og 10.02.2017</li></ul> <p>vart godkjend.</p> <p><b>Vedtak:</b> som føreslege.</p> <p>Korrigert av referent etter møtet. Datoene skulle vore:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• 01.03.2017 sendt ut på mail 03.03.2017</li></ul>	

<b>Sak 28/17</b>	<b>Post og meldingar</b>	
	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Arbeidet med reperasjon av golvet i kyrkjestova i Brunkeberg kyrkje tek til etter påske, først med riving av alt gammalt og øydelagt, og så uttørking. Det vil bli langt på haust før lokalet kan brukast igjen.</li> <li>2. Takk til alle som har bidrege til fasteaksjonen. Det kom inn kr 45.965 i Kviteseid sokn/kommune. (Ca kr 41.000 i 2016).</li> <li>3. Rutinar for gullkonfirmantfest og fasteaksjonen er revidert. (ligg ved)</li> <li>4. Vår neste prest Møyfrid Lunde var innom på besøk tysdag 11.4. saman med prost Asgeir Sæle. Ho tek til med tenesta 1. august. (Ho blir med på kyrkjelydsturen vår dagane før) Vigsling til prest skjer i St. Johannes kyrkje i Stavanger sundag 20.8. Innsetjing til tenesta i Kviteseid, blir sundag 3. september i Kviteseid kyrkje kl. 11.00, med påfølgjande fest på Misjonshuset.</li> <li>5. Marit Gotuholt informerer om føreståande arrangement, dei same som nemnt på sist møte:             <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Kviteseid Soul Children jubileumskonsert 7. mai</li> <li>b. Konsert ved Olav Mosdøl laurdag 24. juni kl. 15.00 i Kviteseid kyrkje</li> <li>c. Operagutta til Kviteseid kyrkje 4. juli kl. 19.30</li> <li>d. Landstadkonsert i Brunkeberg kyrkje 18. august</li> <li>e. Jan Haugen konsert i Kviteseid kyrkje 12. nov. kl. 19.00</li> </ol> </li> <li>6. Brannvarslingsanlegget i Brunkeberg Kyrkje er nå kobla opp mot 110-sentralen.</li> <li>7. Oppdatering om investeringsprosjekta i Kviteseid kyrkje 2017: Tilbod er motteke for både brannvarslingsanlegg og verneglass for blyglasa. Ingen avtale er teikna enda. Det ser ut til at to vindauge i koret må lagast på nytt fordi blyet er svekka. Dette kan det bli rom for i budsjettet.</li> <li>8. Mange trær er felt på den eldste delen av kyrkjegarden i Kviteseid. Det var en naudsynt og kjærkommen opprydding.</li> <li>9. Fellesmøta i Kviteseid kyrkje med Egil Svartdal vart vellukka med mykje folk til stades. I kollekt kom det inn kr 27.554. Det dekkjer utgiftene fellesmøtekomiteen har.</li> </ol>	KS HKA HKA HKA MG KS KS KS KS KS
<b>Sak 29/17 (FR)</b>	<b>Referat AU 27.03.2017</b>	
	<p>AU vart 24.03 innkalla til møte 27.03 for å godkjenna rekneskapen etter avslutta revisjon. Møtet vart halde med mailkorrespondanse. Mindreforbruket i 2016 vart under revisjon redusera med kr 8.581 til kr 194.383,54 etter ein korrigering av mva. Nytt underskrive regneskap, korrigert årsmelding, og uttale frå leiinga er sendt revisor. På grunnlag av det skriv revisor nå revisjonsberetningen.</p> <p><i>Vedlegg: Referat AU 27.03.2017</i></p> <p><b>Forslag til vedtak:</b></p>	

	<p>Referatet er teken til vitande. Årsrekneskapen for 2016 vart avslutta med eit mindreforbruk på kr 194.382,54 som avsetjast til disposisjonsfond.</p> <p><b>Vedtek: som foreslege.</b></p>	
<b>Sak 30/17 (FR):</b>	<b>Revisor si melding</b>	
	<p>Telemark kommunerevisjon har avslutta si revisjon av rekneskapen til Kviteseid sokn for 2016 med eit netto driftsresultat på kr 498.651,61 og eit rekneskaps messig mindreforbruk (overskot) på kr 194.383,54.</p> <p>Revisor konkludera slik: «<i>Etter vår mening er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kviteseid sokn pr. 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret som ble avslutta Pr denne datoен i samsvar med lov, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk i Norge</i>».</p> <p>Oppsummeringsbrevet inneholder punkter som soknerådet, kyrkjeverja og rekneskapsføraren må merke seg. «<i>Kviteseid sokn sin økonomiske situasjon er stram, og det er behov for god økonomisk styring og budsjettoppfølging</i>».</p> <p><b>Vedlegg:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Revisors melding og</li> <li>• oppsummeringsbrev for 2016.</li> </ul> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet tek revisors melding og oppsummeringsbrev til vitande.</p> <p><b>Vedtek: som foreslege.</b></p>	
<b>Sak 31/17 (FR):</b>	<b>Delegasjonsreglement, kyrkjeverja</b>	
	<p>I sak 14/16, 02.03.2016 vart delegasjonsreglement for Kviteseid sokneråd vedteke. Det vart då spesifisert kva oppgåver dei forskjellige utvala har. Det er Arbeidsutvalet (AU), Partssamansett utval (PU) og andre underutval som driv kyrkjelydsretta arbeid (trusopplæringsutval, diakoniutval, kyrkjelydsutval, gudstenesteutval og kulturutval).</p> <p>Det vart og vedteke ei skjematiske oppsetjing som viser det delegerte ansvaret til dei forskjellige utvala, og soknerådet sine oppgåver delegert til kyrkjeverja. Denne oppstillinga ligg ved.</p> <p><u>Delegasjonsreglement i detalj for kyrkjeverja</u> vart då ikkje utarbeida. Reglementet som er føreslege her nå, bygger på eit frå 2002 (FR-sak 26/02). Det vart på ny vedteke i FR-sak 18/12 25.09.2012 utan endringar. Det er omlegginga til eit sokn som er bakgrunn for endringane nå. Delegasjonsreglementa bygjer på mal frå KA. Det nye delegasjonsreglementet er berre tilpassa situasjonen vi no har i Kviteseid med berre eit sokneråd med felersrådfunksjonar.</p>	

	<p><i>Vedlegg: Delegasjonsreglement kyrkjeverja 2017</i></p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet vedtek det framlagde delegasjonsreglementet til kyrkjeverja.</p> <p>Vedtak: Soknerådet vedtek det framlagde delegasjonsreglementet til kyrkjeverja med nokre små endringar. Mellom anna går pkt. 2.4 i forslaget ut.</p>	
<b>Sak 32/17 (FR):</b>	<b>Stilling trusopplærar</b>	KS
	<p>Sokneråda i Vest-Telemark vart i 2014 samde om å etablera ei felles prosjektstilling for å arbeida fram ei plan for trus opplæring i kvart sokn. I juli 2017 har alle sokna i Tokke, Vinje, Fyresdal, Nissedal og Kviteeid fått godkjend sine planar, og vår felles prosjektstilling vert avslutta. Stillinga har vore finansiert av dei midlane kvart sokn får frå staten (frå 2017 frå Kyrkjerådet) via bispedømerådet. I tillegg til det som er gått med til den 50% store felles stillinga forvalta av Tokke fellesråd, har Kviteeid kvart år motteke nokre 10-tusener. I 2016 mottok vi kr 46.679,-</p> <p>For 2017 vil Kviteeid få om lag kr 80.000, og frå 2018 om lag kr 130.000 kvart år framover til trus opplæring. Dei midlane som ikkje vert bruka opp, må sendast attende til bispedømerådet.</p> <p>Fellesråda i Tokke og Vinje tilset no Stine Beate Mondal Ljosland som har våre vår prosjektleiar i fast 40% stilling på dei midla dei får.</p> <p>Rådgjevar trus opplæring i bispedømmet, Beate Frigstad, oppmodar oss til å vera tidleg ute med å planleggja bruken av midlane vi får.</p> <p>Ho gjer også oppmerksam på at bevillinga kan bli noko redusert.</p> <p>Staben på kyrkjekontoret har snakka om oppgåver ein tilsett kunne hatt i Kviteeid: Assistere soknepresten med gjennomføring av trusopplæringstiltak som til dømes <i>Lys vaken</i>, <i>Tårnagentane</i>, <i>Pilgrimstur</i> og dei mindre tiltaka som 4-års bok og andre gåver, delta i, og vere sekretær for trusopplæringsutvalet, og være ein ressurs for soknepresten i konfirmasjonsopplæringa så langt tida strekk til.</p> <p>Storleiken på stillinga blir bestemt av tilgjengelege faste midlar. Ei 15 % stilling krev om lag kr 95.000 i totale lønskostnadar kvart år. Då har ein att kr 35.000 til drift av arbeidet. Det er utrekna for kyrkjelydsarbeidar med stillingskode 5228 og 16 års ansiennitet. Ved tilsetjing av ein yngre person med lågare ansiennitet, vil ein dei fyrste åra spare en del.</p> <p><b>Kyrkjeverja tilrar ein 15 % stilling i fyrste omgang.</b> Ein har då noko rom for investeringar i materiell i 2017.</p> <p>Viss soknerådet kan greie å skaffa kr 30.000 i faste årlege gåver eller anna finansiering, kan stillinga aukast til 20 %. For kvar 30.000 til, kan ein auke stillinga med 5%.</p>	

	Tillegg kr	Innsamla totalt	Budsjett kr	Løns-kostn.	Drift	Stillings-storleik	
	<b>5 mnd av 2017:</b>	<b>80.000</b>	<b>32.300</b>	<b>47.700</b>	<b>15 %</b>		
	<b>2018:</b>	130.000	95.000	35.000	15 %		
	30.000	30.000	160.000	126.000	33.000	20 %	
	30.000	60.000	190.000	158.000	32.000	25 %	
	30.000	90.000	220.000	190.000	30.000	30 %	

I det gjeldande budsjettet for 2017, er det med kr 72.000 i inntekt til trus opplæring. Desse midla er fordelt på postar som dåps opplæring, konf.oppl., trus opplæring og arrangementsutgifter.

Vedlegg: *Rekneskap for trusopplæringsmidlar 2016.*

**Forslag til vedtak:**  
Soknerådet ynsker å tilsetja ein ressurs i trus opplæringa i 15 % frå august 2017. Kyrkjeverja utabeidar detaljert budsjett og tar omsyn til dette i revisjon av gjeldande budsjett som må reviderast. Han utformar også forslag til arbeidsinnstruks og lysing. Det partssamansette utvalet (PU) innkallast for å drøfte lysing, og intervju. PU innstiller til soknerådet for tilsetjing.

**Vedtak: som foreslege.**

<b>Sak 33/17 (FR)</b>	<b>Budsjett revisjon</b>	
	<p>Tilskotet til trus opplæring for 2017 aukar med om lag kr 25.000 frå det som er budsjettet med. Føresett at førre sak blir vedteke slik foreslege, leggjast her fram eit forslag til endring av budsjettet. Lønskostnadene aukast med vel 32.000 kr. Trus opplæring- og arrangementspostane aukast med til saman kr 40.000, og post for inventar og utstyr aukast med kr 25.000.</p> <p>Driftsresultatet for <i>Kpt 113 Andre kyrkjeloge føremål</i> får med dette eit underskot på kr 1400.</p> <p>Av finansielle transaksjonar vert <i>Overføring til investeringsrekneskap</i> sett til null.</p> <p>Samla vil då det reviderte budsjettet for Kviteseid sokn balansera.</p> <p>Vedlegg: <i>Budsjettrevisjon 26.4.2017</i> (blå felt syner nye tal)</p> <p><b>Forslag til vedtak:</b> Soknerådet vedtek det føreslegne budsjettet slik det er framlagd. Det er som ein konsekvens av auka tilskot til trus opplæring og tilsetjing av ein menighetsarbeidar.</p> <p>Fleire postar i <i>Kpt 113 Andre kyrkjeloge føremål</i> endrast slik at det samla vert eit meirforbruk (underskot) på kr 1400 mot eit overskot på kr 38.600 i det opphavelege budsjettet.</p> <p>Finansielt vert ingenting avsett, og samla revidert budsjett balanserar.</p> <p><b>Vedtak: som foreslege.</b></p>	

<b>Sak 34/17 (SR)</b>	<b>Aktuelle saker frå soknepresten</b>	
	<p>Orientering v/prost Asgeir Sæle:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppstartstida med den nye soknepresten Møyfrid Lunde og slutten for vikarierande sokneprest Rune Lia. Møyfrid har ikkje gudstenestelege handlingar i Kviteseid før innsetjinga 3. september. Ho vert vigsla i Stavanger 20. august. Det er fint om nokon frå Kviteseid er til stades der.</li> <li>• Prostiet har fått nye informasjonskanalar: Ny Facebook-side og ny heimeside til <i>Kyrkja i Øvre Telemark</i></li> </ul>	
<b>Sak 35/17 (SR)</b>	<b>Rekneskapsrapport 1. kvartal 2017 (ettermeldt sak)</b>	
	<p>Rekneskapsrapporten frå fyrste kvartal 2017 vart presentert på møtet. Ekstra takk til rekneskapsføraren som fekk den ferdig på overtid.</p> <p>Rapporten syner at samla driftsinntekter er på 24,83 % og driftsutgiftene er på 21,71 %. Av desse er utgifter til løn og sosiale utgifter 24,73 %. Dette er gode tal innafor budsjett og vegleiane tal for 1. kvartal.</p> <p>Rekneskapsrapporten ligg ved referatet av di den ikkje vart send ut på førehand.</p> <p>Forslag til vedtak: soknerådet tek den framlagde rapporten til vitande.</p> <p><b>Vedtak: soknerådet tek den framlagde rapporten til vitande.</b></p>	
<b>Sak 36/17 (SR)</b>	<b>Eventuelt</b>	
	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sokneknerådet vart samd i at Rune Lia takkast for tenesta på hans siste gudsteneste i Kviteseid. På møtet vart det sagt 20. august. Det er ein ekstra Landstad-gudsteneste</li> </ol> <p>Tilførd etter møtet: <i>Takke-markeringa kan og bli 27. august, som og er i Kviteseid gamle kyrkje, av di det ser ut til at Rune får den også. Dette er uansett avklart før neste soknerådsmøte.</i></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Datoar for dugnad ved kyrkjene: Kviteseid, Vrådal og Fjågesund kyrkjer: 3/5 2017. Kviteseid gamle kyrkje: 4/5 2017. Brunkeberg Kyrkje 10/5 2016.&gt; Alle stader kl.17.00.</li> </ol>	

Neste ordinære møte i soknerådet vert etter tidlegare vedtak 7. juni 2017. Deretter 30. august, 4. oktober og 29. november 2017